

Til ordførarane og rådmennene i kommunane:  
Fyresdal, Kviteseid, Nissedal,  
Seljord, Tokke og Vinje.

14. februar 2012

## *Innkalling til ekstra rådsmøte*

**Stad:** Morgedal Hotell  
**Dato:** Tysdag 21. februar 2012  
**Kl. slett:** 12.00 (start med lunsj)

Det blir kalla inn til ekstra rådsmøte på Morgedal Hotell 21. februar 2012.

Etter vedtak i rådsmøtet 24. januar er det arbeidd vidare med saken omkring den vidare organseringa av Vest-Telemarkrådet. Den nedsette arbeidsgruppa legg fram forslag til prosjektspesifikasjon/mandat til eit forprosjekt, og ynskjer av omsyn til vidare framdrift å handsame forslaget i dette ekstra møtet.

Med tanke på vidare drøfting vert det også lagt fram sak omkring prosess for finansiering av prosjekt i Strategisk Næringsplan 2011 - 2014.

Vi ynskjer vel møtt 21. februar.

Venleg helsing  
Vest-Telemarkrådet

Torstein Tveito (sign)  
regionordførar



Kjell Gunnar Heggenes  
regionrådsleiar

## **Sakliste til rådsmøte 21. februar 2012**

Sak 09/2012 Referat frå rådsmøte 24. januar 2012

Sak 10/2012 Mandat vidare organisering av Vest-Telemarkrådet

Sak 11/2012 Finansiering av Strategisk Næringsplan 2011 - 2014

Sak 12/2012 Orienteringssaker  
- Gaupesaken  
-

Sak 13 /2012 Ymse

## **Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 24. januar 2012.**

Tilstades: Regionordførar Torstein Tveito, Halvor Homme, Hilde Alice Vågslid, Solveig S. Abrahamsen, Arne Vinje, Erik Skjervagen.

Hans Bakke, Therese Hauger, Per Dehli, Ketil Kiland, Sverre Sæter, Hans Kristian Lehmann, Kjell Gunnar Heggnes, Ole Dalen og Haldor Kaasin

Møteinnkallinga dagsett 17. januar 2012 og sakliste vart samrøystes godkjent utan merknader.

### **Sak 01/2012 Referat frå rådsmøte 22. november 2011.**

*Vedtak:*

*”Referat frå rådsmøte 22. november 2011 vart godkjent utan merknader.”*

*Samrøystes*

### **Sak 02/2012 Skjønnsmidlar 2012**

Regionrådsleiaren orienterte.

Det var i saka peika på fylgjande tema/område som kunne vera aktuelle for skjønnsmidelfinansiering:

- Samhandlingsreformen – IKT – koordinering
- Digitale fellessatsingar
- Regional reiselivskoordinering
- Brannvernssamarbeidet – opplæring
- Politisk 2020 – demokrati/etikk

Det vart i rådsmøte peika på ytterlegare tema:

- Evaluering av oppnådde resultat for Rådet/Fellesfondet
- Tilflyttingsprosjektet ”Heim til Fyresdal”
- Hovudutfordringane for Vest-Telemark sett i samanheng med Næringsplanen og temaet på Vest-Telemark konferansen
- Datatryggleik
- Funksjonelt samarbeid mellom kommunane på IKT området

*Vedtak:*

*”Vest-Telemarkrådet søker om skjønnsmidlar for 2012 i samsvar med det som går fram av saksdokumenta og drøftinga i rådssak 02/2012”*

*Samrøystes*

### **Sak 03/2012 Vest-Telemarkkonferansen/Vest-Telemarktinget/Yrkesmessa**

Regionrådsleiaren orienterte.

Det vart minna om påmelding til konferansen innan 28.01.12.

*Vedtak:*

*"Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande"*

#### **Sak 04/2012 Forstudie/forprosjekt: Vidare organisering av Vest-Telemarkrådet**

Regionrådsleiaren presenterte forstudien.

Det har vore ein grundig og lang prosess der VTR no er organisert som eit §27 selskap.

Til saka låg det føre fylgjande framlegg til

*Vedtak:*

*"Vest-Telemarkrådet sluttar seg til tilrådinga i sluttrapporten og vedtek at ein organiserar det vidare samarbeidet etter modell 3 der VTR overtek 100% av aksjane i VTNU. Vidare vedtek Rådet at det vert gjennomført eit hovudprosjekt i tråd med det framlagte forslaget."*

Arne Vinje la i møte fram fylgjande framlegg til vedtak:

"

1. *På bakgrunn av forstudiet ønskjer VTR å gå vidare med eit forprosjekt som legg vekt på å utgreie sentrale tema i omorganiseringa.*
2. *VTR oppnemner regionrådsordførar Torstein Tveito, ordførar Solveig Sundbø Abrahamsen og rådmann Hans Kristian Lehmann til å formulere framlegg til mandat for forprosjektet. Kjell Gunnar Heggnes er sekretær for gruppa. Framlegget skal leggast fram for rådsmøte 20. mars 2012"*

*Framlegget til Arne Vinje vart samrøystes vedteke.*

#### **Sak 05/2011 Finansiering av Strategisk Næringsplan 2011 - 2014.**

Haldor Kaasin, VTNU orienterte.

Lill Susan Rognli Vale, VTNU presenterte prosjektet Vandreregionen.

Til saka låg det føre fylgjande framlegg til

*Vedtak:*

*"Vest-Telemarkrådet vedtek framlegget til finansiering Det må snarast sendast inn finansieringssøknader for dei tiltaka som er klare.*

*Når det gjeld kommunal deltaking i regional eigenfinansiering av Strategisk Næringsplan for åra 2013 og 2014 må dette sendast til kvar enkelt kommune for vedtak".*

*Saka vart samrøystes sett ut.*

#### **Sak 06/2012 Innspel til snøskuterløyper. Drøftingssak.**

Regionrådsordføraren innleia i saka.

Vinje har hatt ei positiv ordning gjennom fleire år, som ein bør kunne få praktisere i dei andre kommunane. Vest-Telemarkrådet må ta eit initiativ for å få fortgang i saka.

Vedtak:

"Det vert utarbeida ei uttale for vedtak i neste møte "

Samrøystes

### Sak 07/2012 Orienteringssaker

- **Moglegheitstudie framtidig togtilbod i Midt-Telemark.** Regionrådsleiaren orienterte. Denne studien vil danne grunnlag for ein søknad om KID midlar.
- **KID-midlar 2012.** Regionrådsleiaren orienterte. Sommaren 2012 vil Suleskarekspresen starte opp med tilskot frå KID midlar. Det må søkast kvart år om KID midlar til prosjektet.
- Strand i TB orienterte om arbeidet med Suleskarekspresen. Han hadde tru på prosjektet. Det er ynskjeleg at Vinje kommune kjem med i spleiselaget.
- **BU-midlar 2012.** Regionrådsleiaren orienterte. Han er med i kontaktgruppa for bruken av midlane. Midlane prioriterast nytta til sau, frukt og bær, oppdrett av innlandsfisk, kompetanse, tilleggsnæring.
- **Regional planstrategi, oppstartmøte 26.01.12.** Regionrådsleiaren orienterte.
- **Vannregion Agder, møte i Kristiansand 26.01.12.** Regionrådsleiaren orienterte. Det må velgast ny representant frå Vest-Telemarkkommunane på neste møte.
- **Politikar 2020, status og mogleg vidare arbeid.** Regionrådsleiaren orienterte. Søker å få til eit oppsummeringsmøte i tilknytning til V-T Konferansen.
- **Nasjonal Transportplan - prosess i samband med høyring.** Regionrådsleiaren orienterte. Stort møte 28.03.2012 der det bør vera brei deltaking frå Vest-Telemark. Dette må opp som tema på komande Rådsmøter. Fylkeskommunen er sentral her og det er viktig at det vert teke kontakt med Fylkesordføraren.
- **RV 41 - Telemarksvegen.** Regionrådsleiaren og Halvor Homme orienterte. Viktig å få opp kvaliteten på vegen, noko som og er viktig for reiselivet.
- **Vestlandsbanen over Haukeli.** Arne Vinje orienterte. Fylkeskommunen er positiv til Vestlandsbanen. Jernbaneverket legg fram si høgfartsutgreiing 25. januar 2012.

### Sak 08/2012 Ymse

Ingen saker

Referent: Haldor Kaasin

## **Sak 10/2012 Mandat - vidare organisering av Vest-Telemarkrådet**

I møte 24. januar 2012 handsama Vest-Telemarkrådet sak 04/2012 Forstudie/forprosjekt: Vidare organisering av Vest-Telemarkrådet og vedtok fylgjande:

1. På bakgrunn av forstudiet ønskjer VTR å gå vidare med eit forprosjekt som legg vekt på å utgreie sentrale tema i omorganiseringa.
2. VTR oppnemner regionrådsordførar Torstein Tveito, ordførar Solveig Sundbø Abrahamsen og rådmann Hans Kristian Lehmann til å formulere framlegg til mandat for forprosjektet. Kjell Gunnar Heggenes er sekretær for gruppa. Framlegget skal leggast fram for rådsmøte 20. mars 2012"

Mandatgruppa har drøfta saken og utarbeidd forslag til prosjektspesifikasjon/mandat for eit forprosjekt. Gruppa ynskjer av omsyn til vidare framdrift å halde ekstra rådsmøte for handsaming av mandat-forslaget.

# Prosjektspesifikasjon (mandat/eigars bestilling)

## Prosjektfase: Forprosjekt (Bakgrunn: vedtak i rådsmøte 24. januar 2012)

<p><u>Prosjektnamn</u></p> <p><u>Prosjekt mål</u> Beskriv fyrst måla for hovudprosjektet (så langt det er mogleg) og deretter resultatmåla for det aktuelle faseprosjektet</p>	<p><b>Mål for hovudprosjektet:</b> <u>Effekt mål :</u> Kommunane i regionen opprettheld eit effektivt og velfungerande region-apparat</p> <p><u>Resultatmål (kva skal leverast):</u> Operativt VTR ferdig organisert</p> <p><b>Resultatmål for forprosjektet:</b> Gjennomført konsekvensanalyse frå dagens org. til ny org. inkludert flyt-skjema frå handsaming i råd til gjennomførte tiltak (finansiering og forankring) Det skal ligg føre eit vedtak i Rådet om kva ein ynskjer med VTR og VTNU vidare, og dette må vera forankra med vedtak i kommunestyra.</p> <p><b>Effekt mål for forprosjektet:</b> Grunnlag for framtidig samarbeid i VTR og forutsigbarhet for pågåande arbeid i VTR og VTNU</p>
<p><u>No - situasjon</u> Beskriv no-situasjonen og det behovet som prosjektet skal løyse, dvs. kvifor prosjektet skal gjennomførast</p>	<p>Proessen med vidare organisering av VTR har gått over 2 år og det ligg føre 3 utgreiingar i saken. Det er noko usikkerhet omkring kva konsekvensar dei ulike organisasjonsmodellane får særleg med tanke på økonomi og ansvar for dei tilsette.</p>
<p><u>Prosjektbeskrivelse</u> Gje ein kort beskrivelse av omfang og korleis utviklingsoppgåva er tenkt gjennomført iht. PLP Prosjektleiarsprosessen</p>	<p>Utgreie sentrale tema i den vidare organiseringa. Foreta konsekvensanalyse gjeldande eigarskap og økonomi av:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fleirtalsmodellen frå rådmennenes notat</li> <li>- Forslaget frå regionrådsleiar i rådsmøte 24. januar</li> </ul> <p>Det vert lagt opp til formell handsaming av mandatet/eigars bestilling i ekstra rådsmøte i februar 2012. Konsekvensanalysa leggjast fram for Vest-Telemarkrådet og kvar enkelt kommune for endeleg handsaming i løpet av 1. halvår 2012.</p>
<p><u>Organisasjon</u> Oppgje kva krav prosjekteigar har til organiseringa</p>	<p><b>Prosjekteigarar: Vest-Telemarkrådet</b> <b>Prosjektansvarleg (PA): RegionordførarTorstein Tveito</b> <b>Prosjektgruppe: Rådmannsutvalet</b> <b>Referansegruppe: Arbeidsutvalet i VTR</b> <b>Prosjektleiars (PL):</b> (Vert valt i rådmannsutvalet og meldt attende)</p>
<p><u>Ressursbruk</u> Kva for ressursar vert stilt til disposisjon for gjennomføring av det aktuelle faseprosjektet</p>	<p>Ressursbehovet vert dekt innafor kommunanes økonomiske rammer</p>

Stad:            Dato:

Signatur Prosjektansvarleg

### **Sak 11/2012 Finansiering av Strategisk Næringsplan 2011 - 2014**

**Strategisk Næringsplan 2011 – 2014 for Vest-Telemark** var oppe til handsaming i Vest-Telemarkrådet i møte 24.januar 2012 der saka vart utsett. (Sak 05/2012 ligg som vedlegg til denne saka.)

Av drøftingane i rådsmøtet kom det fram at kommunal deltaking i den regionale eigenfinansieringa av Strategisk Næringsplan føreset handsaming i kvar enkelt kommune knytt til dei einskilte tiltaka i planen. Ein slik framgangsmåte gjev kommunane høve til å velje kva for tiltak dei vil ta del i / løyve midlar til.

Som det går fram av sak 05/2012 ligg 5 tiltak klare for å søkje ekstern finansiering. Desse søknadene kan no sendast til dei aktuelle finansieringskjeldene som einskildsøknader, forankra i Strategisk Næringsplan for Vest-Telemark.

Av omsyn til framdrifta vert saken lagt fram for vidare drøfting i rådsmøtet 21. februar. Det er ynskjeleg med ei nærare avklaring i høve til søkjeprosess, kommunal handsaming osb.



## **Sak 05/2012 Finansiering av Strategisk Næringsplan 2011 - 2014**

**Strategisk Næringsplan 2011 – 2014 for Vest-Telemark** vart vedteken i Tinget sitt møte 29. mars 2011 sak 10/2011. Dette er utviklingsplanen for Vest-Telemark dei næraste åra, vedteken av det høgaste politiske organ på regionsnivå, forankra i alle kommunane og i tråd med fylkets regionale planstrategi og avleda regionale planar. Vest-Telemarkrådet er ansvarleg for utviklinga av alle tiltaka i planen og skal syte for finansiering av planen. Ein søkte i fyrste omgang ei finansiering av planen knytt opp til ei partnerskapsavtale med fylkeskommunen og nytte dei regionale utviklingsmidlane. Dette fekk ein ikkje gjennomslag i hjå fylkeskommunen.

Dei fleste av tiltaka i næringsplanen er sett i gang og ein har nytta tidlegare avsette næringsplanmidlar til dette arbeidet. Dette vil ein hade fram med også i 2012.

No har ein fleire av tiltaka klare for å søke om finansiering frå fylkeskommunen og/eller Telemark Utviklingsfond(TUF). Dei tiltaka som no vert søkt finansiert er fylgjande:

- Bulyst
- Telejobb
- Vandreregionen
- Næringscluster
- Høgfartsbane

Dette er einskiltsøknader som ein etter samtalar med fylkeskommunen/TUF må kome fram til om skal søkast for samla eller som dei framstår som heilt individuelle søknader.

Søknadene ligg ved saka til orientering.

Denne saka vart drøfta i Næringsgruppa i Vest-Telemark 10.01.2012.

Som nemnt er dei ulike tiltaka starta opp og avhengig av finansiering. Ein har tenkt nytta eksisterande midlar som vist i nedanstående matrise. Her har ein lagt til grunn at midlar løyvd til spesielle prosjekt skal nyttast til desse. Vidare har ein lagt til grunn at ein vesentleg del av RDA-midlane vert nytta til utvikling av næringsverksemder i Vest-Telemark.

Etter 2012 vil ein, med unntak av breibandsmidlar, ikkje ha eigen regional finansiering av Strategisk Næringsplan. Dette er ein utfordring ein søker å løyse gjennom å nytte kr. 2 mill årleg frå det regionale grunnfondet, mot at kommunane yter eit tilsvarande årleg beløp som kommunane sitt bidrag til Strategisk Næringsplan.

Prosjektnavn	Finansiering 2011	Finansiering 2012	Finansiering 2013	Finansiering 2014	Sum
1-1 Bulyst		100.000			100.000
1-2 Telejobb	155.000	145.000			300.000
2-2 Digitale fellessatsingar	600.000	500.000			1.100.000
2-3 Felles Reiselivsprogram		700.000			700.000
2-3 Vandreregionen					
3-1 Vest-Telemark Invest					
3-2 Ung Bedrift					
3-3 Næringscluster	240.000	260.000			500.000
3-4 SIVA Næringshage					
4-1 Breiband	700.000	3.100.000	1.000.000	1.000.000	5.800.000
4-2 Mobilnettet		2.500.000	1.000.000		3.500.000
4-3 Vegen i Vest-Telemark	160.000	200.000	240.000	100.000	700.000
4-4 Høgfartsbane	300.000	300.000			600.000
<b>SUM</b>	<b>2.155.000</b>	<b>7.805.000</b>	<b>2.240.000</b>	<b>1.100.000</b>	<b>13.300.000</b>

Prosjektområde	Disponible midlar
Næringsplanen	1.600.000
RDA midlar	1.200.000
Breiband/mobil	9.300.000
Samferdsle	1.200.000
<b>SUM DISPONIBELT</b>	<b>13.300.000</b>
<b>Eigenfinansiert etter planen</b>	<b>13.300.000</b>

#### Framlegg til vedtak:

*”Vest-Telemarkrådet vedtek framlegget til finansiering. Det må snarast sendast inn finansieringssøknader for dei tiltaka som er klare.*

*Når det gjeld kommunal deltaking i regional eigenfinansiering av Strategisk Næringsplan for åra 2013 og 2014 må dette sendast til kvar einskilt kommune for vedtak.”*